



Familiane Arnesen/Hjelmeland og Bjørnebøle/Huse storkoste seg på pizzakafeen i dag. F.v: Martin, Karsten, Andrea, Ingeborg, Erlend, Helene, Odd Steinar, Sara, Johanne og Åsne.

Pizzabufeen vart godt motteken av dei mange gjestene som var innom på Elins Matgleder i dag. Dag for dag etter oppstarten på palmelaurdag har besøkstalet auka. Elin Enes fortel at kafedrifta i påskehelga har gitt henne meirsmak. Truleg vert det kafedrift etter den same malen 3 - 4 veker i sommar.

Eit 30 tals gjester var innom berre på den timen Uskedalen.no var på plassen. Folk kom og gjekk. Nokre tok full pakke med fritt val frå fire typar pizza med salat, dressing og tortillachips. Det kunne vera pizza med marinert kylling, pizza med skinke og ananas, pizza med kjøtsaus og pizza med paparoni. Andre valde konditorvarer og kaffe.



[Anine Enes og Elisabeth Skjoldal var serverings- og ryddehjelp på pizzabufeen i dag.](#)

Påskekafeen vert avslutta på påskeafta. Det vert vanleg kafe med bakarvarer og påsmurde smørbrød. Gåvebutikken i siloen er open i den tida kafeen er open.

Elin Enes rosar uskedalen.no for god omtale. Heimeside og Facebook er bra, men kjapp levering frå uskedalssida på opningstider og varetilbod er 'gull verdt'. Både fastbuande og tilreisande påskegjester les og held seg oppdatert på uskedalen.no.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal